



Hareid

Den vesle kommuna nord på *Hareidlandet* har eit rikt fugleliv kring vatna og dei korte vassdraga. Turstiane følgjer fjellryggane sør for Hjørungavåg og Snipsøyrvatnet, ulike vegval til Melshornet, eller fjøresteinane utanfor Brandal.

Små bilder:



1.13 Ulset - Melshornet

Melshornet ruvar mellom *Hjørungavåg* og Hareid sentrum. Den veldige toppvarden vitnar om innsatsvillige vardebyggarar. Frå Ulset går ei sørvendt rute med utsikt over *Vartdalsfjorden* mot Sunnmørsalpane. Uproblematisk og stort sett tørt terreng. Oftast snøfritt frå mai til november.

Lett rute, stigning frå **125-668 m**. Tur-retur **4 km** kan du greie på **2 t**.



Du kjem til Ulset ved å køyre frå Hareid sentrum via Hjørungavåg, og rett fram opp til høgste eidet. Ein traktorveg går opp aust for øvste huset. Frå enden av vegen går ein tydeleg sti langs fjellryggen. Lett terreng med forsiktig raudmerking over skoggrensa til den svære varden på toppen.

Melshornet har også ei merka, variert rute frå Hjørungavåg om *Ovranakken*, start frå nær første huset i vegen Kaldalen. Frå *Øvreli* i *Hjørdalen* går ein sti meir rett opp, og inn på rute 1.13.



Åsen er beste startpunktet for ein lett trimtur, enten langs fjorden mot hyttefeltet, eller over naturreservatet ved *Åsenfjellet*. Desse to fine stiane kan kombinerast til ein times rundtur.

Kongsvollen og *Ulsettua* har gode turstiar på kanten mot Vartdalsfjorden. Start gjerne i skaret ved vegen til Alme, Gå over Ulsettua og følg den lite trafikkerte vegen tilbake til skaret. Kongsvollen er første del av ei rute mot Blåtinden, høgste fjellet på Hareidlandet.

